

Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 20.12.2017  
Vår ref.: 2016/5373-4  
Saksbehandlar: benutne  
Dykkar ref.:

## Tilskotsprogram for skredsikring 2018-2023 for fylkesvegnettet – innspel frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune viser til brev frå Statens vegvesen Region vest (SVV) av 01.11.17 (dykkar referanse 17/190630-1), der de ber om fylkeskommunen sitt forslag til fordeling av planleggingsrammene til regionane innan 20.12.17.

Ifølgje skredstatistikk og behovslistene er Hordaland det mest rasutsette fylket etter Sogn og Fjordane. Ettersom fullgod sikring ofte krev dyre løysingar, må vi prioritera større tiltak på det mest trafikkerte (overordna) fylkesvegnettet.

På fylkesvegar med mindre trafikk ser vi etter løysingar som gjev ei viss, men langt frå fullgod, sikring. Enklare skredsikring kan vera rasvollar, bolting, skrednett eller møteplassar. Desse kan i hovudsak gjennomførast utan reguleringsplan. Kostnadstala som er oppført er usikre, men er å sjå på som ei ramme for tiltaket. Det må understrekast at behovet er tildels langt større for ein del av tiltaka. Likevel ser vi det som svært viktig å redusera skredfaren noko på kort sikt. Vi har også prioritert ein del mindre tiltak på dei overordna fylkesvegane.

Utgangspunktet for Hordaland fylkeskommune sine prioriteringar er «Investeringsprogram for fylkesvegnettet – til Regional transportplan Hordaland 2018-2029». Fylkestinget slutta seg til dette i møtet 12.12.17 med slikt vedtakspunkt:

*«Fylkestinget er positiv til at det i handlingsprogrammet til NTP er lagt opp til auka rammer til rassikring på fylkesvegar i Hordaland, og ber om at det vert sett i gang planlegging på prioriterte prosjekt i investeringsprogrammet.»*

Under følgjer Hordaland fylkeskommune sine vurderingar for prioritering av tiltak innafør planleggingsramma på 838,4 mill kr. Vi viser til vedlegg med oversikt over prioriterte prosjekt, med planstatus, type kostnadsanslag ved SVV, og kostnad fordelt på år i planperioden. Desse beløpa er inklusive mva, men vi har trekt ut mva. nedst i tabellen, med ein sats på 21% som vi brukar som gjennomsnittleg mva.

### **Prioritet 1 – Fv 7 Lussandberget – gjennomført prosjekt**

I brevet frå Statens vegvesen går det fram at det kan prioriterast midlar til å dekkja fylkeskommunale løyvingar til skredsikringsprosjekt som alt er starta opp eller gjennomførde. Hordaland fylkeskommune trekkjer fram følgjande prosjekt: Fv 7 Lussandberget (Bjørgatunellen). Her gjekk fylkeskommunen inn med eit vesentleg beløp for å fullfinansiera prosjektet.

Vi har bedt Statens vegvesen om spesifikasjon på kor stort det fylkeskommunale bidraget er. I epost den 20.12.17 svarar SVV:

«Vi har netto utbetalt til entreprenører 476,488 mill kr eller avrundet til 476,5 mill. løpende kr. Brutto dvs inkl mva ,er dette 586,7 mill.kr. I samme periode er det utbetalt 425,0 mill. løpende kr i rassikringstilskudd fra Statens vegvesen. Dette betyr at fylkeskommunen har brukt 51,5 mill.kr av egne midler til rassikring».

Fylkeskommunen har såleis dekkja **51,5 mill kr** på dette prosjektet i perioden pr 2017. Denne posten kan fordelast over fleire år, men vi har ført den opp på 2018.

#### **Prioritet 2 – Fv 551 Furebergfossen bru**

Fv 551 Furebergfossen bru, Kvinnherad: Dette tiltaket står øvst på skredsikringsbehovslista, og reguleringsplanen er godkjent. Tiltaket vil bli utlyst og starta opp i 2018. Anslag viser ein kostnad på 55 mill kr.

#### **Prioritet 3 – Fv 7 Tokagjelet**

Fv 7 Tokagjelet, Kvam: Dette er tiltak nr 2 og 3 på skredsikringsbehovslista. Det gjekk eit større ras her i 2013 som medførte langvarig stenging, og omlag eit år med redusert framkome. Dette fekk store følgjer for næringsliv og privatpersonar, spesielt i Kvam, men også regionalt. Statens vegvesen foreslår Fv 7 som omkøyringsveg m.a. når E16 på strekninga Trengereid – Voss er stengt.

HFK bestilte eit forprosjekt frå SVV for moglege løysingar i Tokagjelet, og denne vart lagt fram sommaren 2016. Etter dette ba HFK SVV om å starta opp arbeidet med kommunedelplan for strekninga. Dette arbeidet er no i gang med følgjande framdriftsplan: Vedtak kommunedelplan i løpet av 2019, vedtak reguleringsplan 3.kvartal 2020, byggeplan/grunnverv i løpet av 2021. I samband med høyring av planprogrammet for kommunedelplanen, er det lagt opp til å sile bort alternativ. Ein kan då vurdere å starte opp reguleringsplanarbeidet noko tidlegare enn framdriftsplanen.

I forprosjektet er rimelegaste løysing for ny tunell omlag 890 mill 2016-kr. Forprosjektet følgjer som vedlegg.

Hordaland fylkeskommune ser dette prosjektet som kanskje det aller viktigaste framover. Det krev store statlege midlar og hard prioritering frå fylkeskommunen. Dette er også årsaka til at vi berre ser på enklare løysingar på dei mindre trafikkerte vegane, trass i høg skredfaktor. HFK har jobba med finansiering av ei tunelløysing, saman med Kvam herad og Statens vegvesen. Det kan vera aktuelt å byggja ein lengre tunell, der meirkostnader ut over skredsikringsbehovet blir finansiert av bompengar og fylkeskommunale midlar mv.

Som det går fram av framdriftsplanen, kan det vera aktuelt med byggstart i 2022. Vi har dermed ført opp løyvingar frå 2021 (grunnverv og prosjektering), og deretter anleggskostnader, innafor planramma.

Etter raset i Tokagjelet hausten 2013, meiner vi at fylkeskommunen saman med Statens vegvesen har prioritert planlegging så raskt som det har late seg gjera.

#### **Prioritet 4 – Fv 551 Krokalandet**

Fv 551 Krokalandet, ved Maurangerfjorden i Kvinnherad: Dette prosjektet er vurdert inn i den framtidige «Kvinnheradpakken», ein pakke med finansiering gjennom bompengar, kommunale tilskot, fylkeskommunale midlar og skredsikringsmidlar til skredsikringsprosjekta.

I arbeidet med Kvinnheradpakken var strekninga «Krokalandet» planlagt som kombinert vegutbetring og rassikring, for mest moglege effektiv bruk av midlar. Etter førebels kartlegging av området ved geolog, såg

Statens vegvesen behov for å få utført ein forstudie også her. Denne konkluderer med at den mest rasutsette strekninga berre kan sikrast med tunell. Forstudien (mogelegheitsstudien) er vedlagt.

Eit svært førebels kostnadsestimat for kort tunell viser 319 mill kr (utan tunellportal). SVV foreslår følgjande framdriftsplan: Forprosjekt første kvartal 2018, reguleringsplan til godkjenning 3. kvartal 2019. Dermed kan vi i beste fall få anleggsstart i 2020, og vi fører dermed opp midlar i 2020-2022. Fylkeskommunen har ein dialog med Kvinnherad kommune om mogeleg kommunalt bidrag i prosjektet.

#### **Prioritet 5 – div mindre prosjekt med oppstart i 2018**

Statens vegvesen har ut frå behovslista kartlagt ein del tiltak med høg skredfaktor på dei mindre trafikkerte fylkesvegane. Desse tiltaka kan som hovudregel utførast utan reguleringsplan. SVV har starta, eller vil starta prosjektering innan kort tid. Det er ikkje gjennomført anslag etter metoden som berre vert nytta ved større prosjekt med kommunedelplan og reguleringsplan. SVV har utført stipulerte kostnadsvurderingar saman med byggherre og geolog. Økonomiske vurderingar basert på eit omfang av enklare skredsikrings-tiltak med kategori rasvoll, bolting eller skrednett. Tiltaka blir utført innafor økonomisk ramme. Behovet er generelt større for fleire av tiltaka. Følgjande tiltak er planlagt med oppstart i 2018:

- Fv 48 Mundheim, Kvam: SVV prosjekterer etter geologisk rapport
- Fv 7 Kattadalen – Veravikja aust, Granvin: SVV har starta prosjektering/utarbeiding av konkurransegrunnlag
- Fv 7 Lindehåla, Granvin: SVV har starta prosjektering/utarbeiding av konkurransegrunnlag
- Fv 550 Eitrheim ved fjellhall og nordside av Eitrheimstunnel, Odda: SVV har starta prosjektering/utarbeiding av konkurransegrunnlag
- Fv 49 Vangdalsberget, Kvam: SVV prosjekterer etter geologisk rapport
- Fv 103 Felevikja I-III, Eidfjord: Geofon og enkelttilak: SVV har starta prosjektering/ utarbeiding av konkurransegrunnlag

#### **Prioritet 6 – div mindre prosjekt med oppstart i 2019**

Mindre tiltak som prioritet 5, med planlagt oppstart i 2019:

- Fv 7 Ådlandslien, Samnanger: SVV har starta prosjektering/utarbeiding av konkurransegrunnlag
- Fv 344 Storesvada/Gullbrå, Vaksdal: SVV har starta prosjektering/utarbeiding av konkurransegrunnlag
- Fv 344 Langskredo/Gullbrå: SVV har starta prosjektering/utarbeiding av konkurransegrunnlag

#### **Prioritet 7 – div mindre prosjekt med oppstart i 2020**

Mindre tiltak som prioritet 5 og 6, med planlagt oppstart i 2020:

- Fv 7 Storebekken, Samnanger: ikkje starta, kjem seinare i perioden
- Fv 313 Svalhamrane, Voss: ikkje starta, kjem seinare i perioden
- Fv 360 Merkjesura, Osterøy: ikkje starta, kjem seinare i perioden
- Fv 40 Sunndalstunnelen II Nord, Kvinnherad: ikkje starta, kjem seinare i perioden

#### **Avslutning**

Hordaland fylkeskommune vil gjerne komma med følgjande merknader: Dette er første gong fylkeskommunen sender inn forslag til fordeling av planleggingsrammene til rassikring på fylkesvegar, tidlegare har dette vorte gjort av SVV utan vår deltaking.

Vi er svært positive til å ta del i denne prosessen. Likevel er vi usikre på om krava og prinsippa som vert lagt til grunn i brevet av 01.11.17 har vorte kommunisert til oss i tide. For å møta plankravet om godkjent kommunedelplan og kravet om at «arbeidet med reguleringsplan må vera komma så langt det er det realistisk å gjennomføre prosjektet som føresett», måtte vi gått i gang med slik planlegging for fleire år sidan.

I brevet av 01.11.17 går det vidare fram at kostnadsoverslaga for prioriterte prosjekt skal vera gjennomførte etter ANSLAG-metoden. Ein del av tiltaka vi nemner i dette brevet, har berre førebelse kostnadsestimat, avhengig av kompleksitet og kor langt ein er kommen i planlegginga. Dei mindre prosjekta vi nemner er oppførde med eit kostnadsestimat gitt av SVV. Dette er i utgangspunktet ei kostnadsramme for tiltaket, men det kan likevel bli nødvendig med ytterlegare midlar når ein får meir kunnskap. Vi viser til brevet der SVV gir opning for omprioriteringar mellom skredsikringstiltaka.

Det er alltid ein balanse mellom å regulera tiltak som vi ikkje veit om kan bli realisert i perioden, med dei kostnader det medfører, og dei forventningar det skapar – mot å ha ein planreserve om det skulle komma midlar. Vi meiner likevel at vi har tatt gode framtidsette avgjerder om planlegging, spesielt om Tokagjelet.

Vi vil dermed be om at regionvegkontoret godtek våre innspel til vidare fordeling, sjølv om vi ikkje har greidd å oppfylle alle krava i brevet frå 01.11.17. Vi tar gjerne eit møte med dykk, for å utgreia og drøfta våre planar og innspel vidare.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Bente Utne  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

Vedlegg 1: Oversikt over prioriterte prosjekt – rassikring – Hordaland 2018-2023

Vedlegg 2: Forprosjekt Fv 7 Tokagjelet

Vedlegg 3: Forstudie Fv 551 Krokalandet